



## REFERAT frå

**Kviteseid Sokneråd** torsdag, 05.10.2023, kl. 18.00 på Misjonshuset.

**Innkalla frå avtroppande Sokneråd:** Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helene Bruhaug (1. vara), Eva Lisbeth Lier (4. vara) og Kristen Salmelid, kyrkjevevjerje.

**Innkalla frå påtroppande Sokneråd:** Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen og Dagfinn Køhn som er attvalde, og dei nye: Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy, med vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid (1.v.), Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.). Møyfrid Lunde (sokneprest) og Kristen Salmelid, kyrkjevevjerje.

Åpningsord: Møyfrid Lunde  
Beverting ved Kyrkjekontoret

Oversikt over saker:

SR-sak 50.23 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 51.23 FR	Post og meldingar
SR-sak 52.23 SR	Valresultatet, oppsummering
SR-sak 53.23 SR	Gudstenesteplan for 2024
SR-sak 54.23 FR	Bytte av maskintralle
SR-sak 55.23 SR	Overlevering frå gammalt til nytt råd
SR-sak 56.23 SR	Konstituering av nytt sokneråd
SR-sak 57.23 FR	Personalsaker
SR-sak 58.23	Eventuelt: Basar-komite

SR-sak 50.23 FR	Innkalling og saksliste	MG
<p>Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post til alle</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd 2019-2023</li><li>• NYE medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd 2023-2027</li><li>• revisor og prost til orientering.</li></ul> <p>Dei fyrste sakene er for gammalt råd der dei nye kan vere tilhøyrarar, så kjem sak om overlevering, konstituering av det nye rådet og personalsak.</p> <p>Etter saksplanen / årshjulet for avtroppande SR, skulle dette møtet vært i Vrådal, saman med kyrkjelydsutvalet der, men slik vart det ikkje fordi vi vart samla alle her.</p> <p>Merknader til innkalling eller saksliste?</p>		

**Forslag til VEDTAK:**

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.

**VEDTAK:**

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.

**SR-sak 51.23 FR****Post og meldingar****MG / KS****1. Arrangement sidan sist SR:**

- a. 24. aug. Babysong startar opp
- b. 25. aug. Fredagsklubben startar opp
- c. 29. aug. Felles bøn på Misjonshuset (om lag kvar siste tysdag i månaden)
- d. 31. aug. Frist for påmelding til konfirmantåret 2023-24
- e. 7. sept. Diakoni- og besøksteneste-samling med prostidiakon Eilev Erikstein
- f. Andaktar på KOS og Midsundtoppen med Møyfrid og Olav: 16. aug, og vidare kvar månad.
- g. Språkkafé på Misjonshuset: 13.sept., 11. okt., 8. og 29. nov.

**2. Planlagde arrangement:**

- a. Demenskoeret held fram med øvingar i Seljord annankvar veke, med oppstart 20. sept.
- b. 24. sept. Felles songmøte/konsert i Kviteseid kyrkje kl. 18.00: Hilde Svela og Fredheimkoeret og Unge Røyser.
- c. Føremiddagstreff på Misjonshuset 27. sept., 25. okt., og 22. nov.
- d. Frivillighetsfest 19. oktober
- e. Gullkonfirmantfest i Vrådal 22. okt.
- f. Sorggruppe 26. okt.
- g. Ljosmesse i Gamlekyrkja 1. nov.
- h. *Helgemesse i Kviteseid 5. nov. med samling på Misjonshuset i etterkant.\**
- i. *Konsert med Kjetil Flatland m/fleire i Kviteseid kyrkje 12. nov. kl. 19.00\**
- j. Konsert med Olav Mosdøl, utsett inntil vidare. *\*Lagt til etter møtet*

3. **Kyrkjestøgo** (tilbygg ved bårehuset i Kviteseid): Sparkling innvendig skal vere ferdig ila. veke 38, så våre tilsette kan halde fram med måling av tak og vegger. Golvet blir lagt av Oddvar Sigurdslid. Ytterveggene manglar eit strok rosa murpuss. Varmepumpe solcelleanlegget blir montert når bygget og leverandørene er klare for det. Kjøkenskap og benk frå Strai via Byggmakker, blir levert i veke 39. Takskifer og innvendig listverk tek byggmeister Svein Heggveit seg av innimellom andre jobbar.

4. **Budsjettsaker:** forslaga til drifts- og investeringsbudsjetta for 2024 vedteke på sist møte, er oversendt til kommunen. Det vil bli dialog om desse under den kommunale sakshandsaminga.

5. **Vedr. eigeomsoverføring av Kviteseid Gamle kyrkje til Kviteseid sokn.** Vi har enda ikkje motteke noko endeleg frå bispedømekontoret, men mottok i slutten av juni, kyrkjerådet si vurdering av saka, og fekk nyleg ein mail frå bispedømmerådet om at dei arbeider med saka.

6. **Arbeidet med minnelund i Kviteseid:** Søknad til Statsforvaltaren vart send 14.7, men vi har pr 11.9. ikkje fått noko svar. Bispedømmerådet har i alle fall uttala til Statsforvaltaren at dei ikkje har nokon merknader.

7. **Avtale med Bufetat** om å vere ambassadør for fosterheimar: Kyrkjeverja har oppretta kontakt igjen og ventar nå på avtale om signeringsmøte der representant frå Bufetat (i Kongsberg) og bispedømekontoret (i Kristiansand) brukar å vera til stades.
8. Søknad om ny liturgi for familiegudstenestene (som SR har hatt som sak tidlegare) er sendt biskopen via prosten. Prosten har støtta den nye liturgien.
9. **Vikar:** Møyfrid Lunde vikarierer for soknepresten i Seljord i veke 37-40 (11. sept.- 8. okt.)
10. **Feriar:** Olav Holm veke 40 og Møyfrid Lunde veke 41. Kristen Salmelid har ferie frå 21.-30. sept., og frå 20 des.23 t.o.m. 17. jan.24 og vil da ha bruka opp all sin ferie frå 2022 og 2023.
11. Kyrkjeverja har igjen søkt Riksantikvaren (RA) om tilskot til konservering av alle måleria i Kviteseid gamle kyrkje. Søknaden bygger på ein fylldig rapport frå Galleri Tonne. Søknaden i 2022 fekk vi avslag på. Viss vi får stønad, er det til 100 % av kostnaden på over 500.000 kr. RA har svara at saka vil bli handsama tidleg i 2024.

**SR-sak 52.23**

**Valresultatet, oppsummering**

**MG**

Det var 198 personar totalt som røysta, av 1513 med røysterett.

Valdeltakinga gjekk ned frå 20 til 17 %.

13 førehandsrøysta på papir, mot 45 for 4 år sidan. Det var mykje ekstra arbeid for få stemmer.

Nytt til dette valet var digital førehandsrøysting. 80 personar nytta seg av det.

I 2019 var det 110 røystesetlar utan endring og 215 med endringar. I år var tilsvarande tal 67 utan endring og 125 med endringar (tilføyning av namn eller kumulering) .

Protokoll frå dei 3 stemmestyra, vert arkivert.

Røystene vart fordelt slik mellom kandidatane oppført i rekkefylgja etter valresultatet (2. kolonne). Sperregrense på 283,5 gjorde at dei med samla røyster lågare enn dette, beholdt sin plass på rekkefylgja nominasjonskomiteen sette opp før valet, berre forbigått av dei med høgare røyste-tal. Det er årsaka til at t.d. at 279 røyster går framom 282 og 281.

Nr. på lista	Nr. etter resultat	Namn	Bustad	Røyster totalt - inkl. ekstra personstemmer	Medlem/vara
1	1	Anne Marit Sørby	Vrådal	347-60	medlem
5	2	Astrid Breivik	Vrådal	331-42	medlem
3	3	Sigrun Moen	Kviteseid	327-39	medlem
2	4	Dagfinn Køhn	Kviteseid	318-32	medlem
4	5	Knut Gjersund	Morgedal	299-20	medlem
11	6	Solveig Aabø Løfgren	Kviteseid	294-13	medlem
6	7	Trond Andreas Fjågesund	Fjågesund	292-17	medlem
17	8	Anne Oddny Foldøy	Kviteseid	291-11	medlem
7	9	Ida Elisabeth N. Sigurdslid	Kviteseid	288-10	1. vara
12	10	Monica Haugestøl	Fjågesund	284-8	2. vara
8	11	Geir Helge Susort	Åsgrend	281-5	3. vara

9	12	Jorun Simonsen	Kviteseid	279-7	4. vara
10	13	Jan Rune Bjørnson	Kviteseid	282-11	5. vara
13	-	Berit Lundeberg	Kviteseid	279-6	Kom ikkje med
14	-	Arvid Syftestad	Kviteseid	281-7	Kom ikkje med
15	-	Svein Asle Holberg	Kilen	272-1	Kom ikkje med
16	-	Jarle H. Eriksen	Kviteseid	273-3	Kom ikkje med

Resultatet vart gjort kjent (utan tal på røyster) på nettsida vår kyrkje.no/kviteseid tysdag 12. september og på Facebook @kyrkjetrappa.no med link til nettsida. På kyrkja.no står resultatet med tal på røyster.

Røystesetlane til Bispedømmerrådet, vart sendt tysdag 12. og var framme torsd.14. Kven som kjem til å utgjere nytt bispedømeråd, vert kunngjort etter alle oppteljingane i Kristiansand.

Her er resultatet frå oss frå 152 stemmer (8 blanke):

Nominasjonskomiteèn	33 + 32 = 65 (retta + uretta)
Bønalista	8 + 3 = 11
Frimodig kirke	10 + 4 = 14
Åpen folkekirke	37 + 17 = 54

Valresultatet skal signerast av heile valstyret (soknerådet). Kvart stemmestyre (kvar plass) har signert på sine protokollar.

24 valmedarbeidarar var i aksjon, inkl.tilsette. Honorar på kr 9000 er gitt som gåve, og kr 3500 blir utbetala. Honorar for ei 4-5-timars økt, var kr 500,- (ikkje for tilsette)

**Forslag til vedtak i AU:** AU tilrår SR (=valstyret) til å godkjenne valresultatet.

**Vedlegg:** *Resultat og oppsummering Kyrkjevalet 2023*

**Forslag til vedtak i SR:**

Soknerådet godkjenner valresultatet og takkar tilsette og friviljuge for all god hjelp med førebuing, gjennomføring og oppteljing. Soknerådet signerer resultatet.

**VEDTAK:**

Soknerådet godkjenner valresultatet og takkar tilsette og friviljuge for all god hjelp med førebuing, gjennomføring og oppteljing. Soknerådet signerte på resultatet.

<b>SR-sak 53.23 SR</b>	<b>Gudstenesteplanen for 2024</b>	<b>ML</b>
------------------------	-----------------------------------	-----------

Gudstenesteutvalet utarbeider eit forslag til plan for gudstenestene i 2024 basert på talet på forordna gudstenester og innarbeidde tradisjonar her i soknet.

Planen blir ettersendt før møtet.

I gudstenesteutvalet sit soknepresten, organisten, Dagfinn Køhn, Astrid Breivik og Sigrun Egeland.

**Vedlegg:** *Gudstenesteplanen for 2024* (vart ettersendt 3. okt.)

**Forslag til vedtak i SR:**

Soknerådet vedtek den framlagde planen

**VEDTAK:**

Soknerådet vedtok den framlagde planen

**SR-sak 54.23 FR****Byte av maskintralle****KS**

Soknerådet har ein god maskinpark, men har ei utfordring. Minilastaren kan berre køyra i 25 km/t. Til Brunkeberg og gamlekyrkja tek det 15-20 min og til Vrådal 45 min kvar veg. Det slit unødvendig på maskina, tek mykje av arbeidstida og krev meir mannskap. I Fjågesund og Kilen får vi aldri bruka den. Transport på ei maskintralle (=kraftig tilhengar for maskiner) vil vere ei god løysing.

Maskintralla vi bruker i dag er god, men er tilpassa minigravaren og vert for lita for minilastaren.

Ny større maskintralle har vi fått tilbud om for kr 76.000 + mva (vi får tilbake moms). Dagens tralle kan Kviteseid Motorservice gje kr 30.000 for i innbytte. Sel vi den sjølv, meiner Atle på Motorservice at vi kan få 40.000 + mva for den. Vi har og selt ein liten, eldre hengar vi ikkje brukar for 3000. Vi manglar då framleis kr 33.000 viss vi skal kjøpe ny maskintralle.

~~På årets budsjett har vi kr 12.000 igjen på posten 'Driftsutgifter maskin'.~~

**Forslag til vedtak i SR:**

Soknerådet ber kyrkjeverja prøve å finna budsjettpostar å fordele kostnadane på for å få kjøpt ny og større maskintralle. Inkludert sal av gamal tralle bør meirkostnadane til ny ikkje overskride budsjettpostane med meir enn kr 20.000.

Kyrkjeverja gjorde kort greie for nokre budsjettpostar som ikkje blir brukt i år, og såleis vil vege opp mot at det blir meirforbruk på andre postar. Kyrkjeverja ser ingen uforutsette store saker som skulle gjere at rekneskapen ikkje endar omtrent i balanse.

**VEDTAK:**

Soknerådet ber kyrkjeverja finna budsjettpostar å fordele kostnadane på for å få kjøpt ny og større maskintralle. Inkludert sal av gamal tralle bør meirkostnadane til ny ikkje overskride enkeltbudsjettpostar med meir enn kr 20.000.

**SR-sak 55.23 SR****Overlevering frå gamalt til nytt råd****MG**

Kan dei frå avtroppande sokneråd tenke etter korleis dei siste fire åra i rådet har vore, så kan det vera gode ting å formidle til dei nye. Kva var annleis enn forventa? Kva saker /saksområde synest du var viktigast, vanskelegast, mest motiverande o.s.b.?

Leiar takkar avtroppande sokneråd (inkl. kommunerepresentanten) og ynskjer dei nye velkomne og lukke til.

Handsaming under møtet: Fleire medlemmer i det 'gamle' rådet snakka kort om kva dei hadde vore med på og om korleis soknerådsperioden hadde vore. Dei oppmoda alle dei nye til å vere med på mykje av det som skjer, og ikkje misse motet om ting i starten kan verke overveldande.

Soknerådsleiar Marit Gotuholt takka alle dei som sluttar og dela ut helsingar og blom. Soknepresten og nestleiar Marit Sørby takka avtroppande leiar. Kyrkjeverja takka leiar og nestleiar for godt samarbeid.

**SR-sak 56.23 SR****Konstituering av nytt sokneråd****MG**

Nytt sokneråd skal velje leiar og nestleiar for eitt år, og sekretær for (inntil) 4 år.  
Avtroppande leiar Marit Gotuholt, leier valet. Det kan vere ved akklamasjon, eller skrifteleg.  
Valbare til verva er dei faste medlemmene:

Anne Marit Sørby
Astrid Breivik
Sigrun Moen
Dagfinn Køhn
Knut Gjersund
Solveig Aabø Løfgren
Trond Andreas Fjågesund
Anne Oddny Foldøy

**Forslag til VEDTAK i nytt SR:**

Påtroppande Sokneråd valde ..... som leiar og ..... som nestleiar for perioden 1. nov. 2023 til 31. okt. 2024. ....vart vald som sekretær.

**VEDTAK i nytt SR:**

Påtroppande Sokneråd valde Marit Sørby som leiar ved akklamasjon. Knut Gjersund vart vald som nestleiar ved skrifteleg votering. Begge vart valde for perioden 1. nov. 2023 til 31. okt. 2024. Sigrun Garvik Moen vart vald som sekretær.

**SR-sak 57.23 FR**

**Personalsaker**

**MG**

AU vart orientert og drøfta saka under sitt møte 20. sept.

Sokneprest Møyfrid Lunde har søkt og fått ny stilling. Ho er blitt tilsett som sokneprest i Stavanger Domprosti med Varden sokn som tenestestad frå 1.jan. 2024. Oppseiing vert sendt til Agder og Telemark Bispedøme i løpet av september.

Prost Asgeir Sele melde etter AU-møtet: 'På grunn av dårleg økonomi og vakansestyling får eg ikkje lyse ut prestestillinga dykkar før i desember, slik det ser ut no. Asgeir'

Soknerådet får seie sin meining om utlysingsteksten i prosessen, og får seinare uttale seg om aktuelle kandidatar før bispedømmerådet tilsett.

Avskilsgudsteneste og fest for Møyfrid fastsetjast i samarbeid med prosten.

**Forslag til VEDTAK i nytt SR:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande og ynskjer Møyfrid Lunde Guds rike signing i ny teneste. Samstundes som SR har full forståing for Møyfrid sitt val, ynskjer SR å presisere at vi er lei oss for å misse vår gode prest gjennom dei siste 6-7 åra.

Kyrkjevevja orienterte og om ei stilling han hadde søkt på og kunne gått til, men at han vart innstilt som nr 3 blant mange søkjarar.

Avskilsgudstenesta og fest blir i Kviteseid 7. januar 2024.

**VEDTAK:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande og ynskjer Møyfrid Lunde Guds rike signing i ny teneste. Samstundes som SR har full forståing for Møyfrid sitt val, ynskjer dei å presisere at vi er lei oss for å misse vår gode prest gjennom dei siste 6-7 åra. Soknerådet ber prosten instendig om å setje i gang rekrutteringsprosessen og lyse ut stillinga snarast mogleg slik at tida utan fast sokneprest blir minimal. Dette er ikkje minst viktig for årets konfirmantkull.

**SR-sak 58.23**

**Eventuelt**

**MG**

Komiteen for kyrkjelydsbasaren laurdag 2. des., kan godt ha ein frå det nye rådet med seg. Basaren byr på litt arbeid, men er ein fin anledning til å samla folk om ei viktig sak, og betyr mykje økonomisk for kyrkjelydsarbeidet og misjonsprosjekta våre. Frå før i komiteen sit Kirsti Skjæveland, Dagfinn Køhn, Gunnhild Dobbe, Marit Sørby og kyrkjevevja. 1. komitémøte er måndag 9. okt. kl. 12.00 på kyrkjekontoret.

**VEDTAK:**

Soknerådet valde Geir Helge Susort som medlem av komiteen for kyrkjelydsbasaren i tillegg til Kirsti Skjæveland, Dagfinn Køhn, Gunnhild Dobbe og Marit Sørby.

**Planlagde møte i 2023:**

**22.11.:** Kurs for nytt sokneråd: Som einaste prosti i bispedømet, har Øvre Telemark valt å ha lokale kurs med opplæring av nye sokneråd og fellesråd. (Det er i staden for eit stort samla møte som vi hadde på Granvin for vel 4 år sidan.) Kursdato for NYTT sokneråd i Kviteseid, er onsdag 22. nov, kl. 17. Kurset gjennomgår all info frå kyrkerådet, med lokal tilpassing, og blir leia av prost Asgeir Sele i samarbeid med kyrkjevevja i Kviteseid. Det blir god matpause.

**23.11.:** Første møte for nytt råd (Start på fullmakter, komitear, møtedatoar mm)

Forslag til datoar: Eventuelle møte i arbeidsutval (AU) står i parentes.

25. jan., (22. febr.), 7. mars, *Årsmøte 7. april?*, (18. april), 2. mai, 13. juni, (8.aug.), 22. aug., (19. sept.), 3. okt., (7. nov.) og 21. nov.

**19.10.** Stor frivillighetsfest for avtroppande råd og alle frivillige i soknet. Over 60 melde seg på før fristen gjekk ut.